

VEDTEKTER

FOR GRAVPLASSANE I HARAM KOMMUNE

*Vedtekne av Haram kyrkjelege fellesråd i sak 018/14 den 03.12.2014
Godkjent av Møre Bispedømeråd 10.12.2014*

Vedtektene er heimla i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd og forskriftene til denne.

§1 Gravplasstilhøyring

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ynskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. Avgjerd om dette vert tatt av den som er ansvarleg for gravferda.

§2 Fredningstid, festetid og festeavgift

Fredningstid for både kistegraver og urnegraver er 20 år.

Festetida er 10 år.

Festeavgifta vert fastsett av kommunestyret.

Ved gjenbruk av grav vert forfall for betaling av festeavgift forlenga til utløp av fredningstida for grava. .

§3 Feste, sletting og gjenbruk av grav

Når kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av. Etter søknad til kyrkjeleg fellesråd er det høve til å feste endå ei grav i tillegg, når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan det ikkje festast grav ved sida av.

Når festetida er ute kan gravstaden festast for nye 10 år. Festaren skal bli varsla i god tid før festetida er ute. Er ikkje festet blitt fornya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden. Når det er gått 100 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan spesielt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjere spørsmålet om gjenbruk av grav.

Kyrkjeleg fellesråd kan vedta stenging av enkeltgrav for kistegravlegging viss storleiken på grava, jorddjupne eller grunnvasstand ikkje samsvarar med krava i gravferdsforskrifta. Delar av ein gravplass eller heile gravplassen kan verte stengt permanent for kistegravlegging etter vedtak i bispedømerådet.

Festar pliktar å melde frå til kyrkjeleg fellesråd om adresseendring og overdraging av feste.

§4 Grav og gravminne

Kyrkjegardsarbeidarane vil sørge for at grava vert planert og sådd i etter gravlegging.

Montering av gravminne kan berre utførast etter skriftleg melding til fellesrådet minst 2 veker på førehand og kan tidlegast skje 6 månader etter gravlegging av kiste. Dispensasjon frå dette kan berre gjevast etter skriftleg søknad til kyrkjeleg fellesråd.

På ny festa gravstad skal gravminne som regel plasserast i bakkant av den grava som først er teken i bruk og bli ståande på same plassen festetida ut. Ved oppsetting av nye gravminner, sørger fellesrådet for at kors med namn på sist gravlagde står i midtpunkt og bakkant av der fundamentet skal plasserast.

Kyrkjeleg fellesråd kan vedta bevaring av gravminne av særskilt historisk eller kulturell verdi, sjølv om festetida er gått ut, jf. gravferdsforskrifta § 27. Kyrkjelege fellesråd vil i slike høve ta seg av stell av den grava det gjeld.

§5 Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60cm, målt frå bakkanten til gravminnet. Ein kan ikkje plante vekstar som overstig høgda til gravminnet eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materialar.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar i plantefeltet. Viss det kjem skade på slike faste dekorgjenstandar som følgje av drift og vedlikehald av gravstaden, vil desse ikkje verte erstatta. Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

§6 Plantemateriale

Plantar, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller ved pynting av grav og som ender som avfall, skal i sitt heile vere komposterbart. Det er festar som er ansvarleg for fjerning av blomstrar og anna pynt frå grava etter gravferda.

§7 Stell av grav

Kvar festar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stelle den grav han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert nytta eller stelt, skal såast i av den ansvarlege eller festaren, eller av kyrkjegardsarbeidaren.

§8 Bårerom

Bårerom skal disponerast av kyrkjeleg fellesråd og skal berre brukast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som sørger for gravferda.

§9 Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal innhente løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyvet kan dragast attende dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglar som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell på graver.